



ORKDAL MENIGHETSBLAD

Nr. 7

OKTOBER 1973

22. årgang

Kaffiprat hos Havdal

Olaf Havdal er humorist. Det er ein god eigenskap også for ein prest. Med eit smil fortel han oss om si aller første preike. Det var ingen ringare plass enn i Nidarosdomen. Domprost Rasmus Haugsøen kommenterte etterpå: «Preika di hadde ei god side, ho var stutt». Serleg betre gjekk det heller ikkje oppe i Finnmark — då var Havdal blitt stiftskapellan i Nord-Hålogaland — mye folk var møtt opp for å høyre presten for første gong. Etter preika reiste ein gubbe seg i salen og kommenterte: «Æ ha no hørt mang ei preik i mi tid, men dette e den dårligste æ ha hørt». — «Eg fekk trøst av andre etterpå», legg Havdal til.

«Den finaste opplevinga du har hatt i di prestetid», spør vi.

«Det kan vere mangt det», seier prosten, og tenker lenge. «Det var ein plass i Finnmark, dei hadde ik-

(Forts. s. 2).

TAKK

Åra har gått fort her i Orkdal, og så mange av dem ble det ikke. Nå står vi ved slutten og vil takke for samvær og samarbeid.

Vi har så mye å være takknemlige for, både til Gud og mennesker. — Takken går først til Gud, som ga helse og arbeidsglede og nåde for hver dag. Det er ikke til å forstå at han vil og kan bruke oss syndere i sin tjeneste. Og apostelens ord: «at ikke jeg som preker for andre, selv må finnes uverdige», blir noe av en hjertebønn. For Jesu skyld får vi lov å tro at bønnen blir hørt. —

Vi har også så mye å takke mennesker for — overbærenhet og forståelse, samfunn og samarbeid, gode ord som ble sagt, og tanker som ble tenkt og kom til uttrykk på forskjellig vis.

Mangt og mye ble ikke som det skulle, og forsømmelsene ble mange. For alt det vil vi be om tilgivelse.

Gud signe menighetene i Orkdal prestegjeld i dager som kommer!

Sigrød og Olaf Havdal.


Det sa biskopen

Biskop Tord Godal preika i Orkdalskyrkja på visitassøndagen over Luk. 4, 23 - 30. Vi refererer. Denne søndagen er blitt kalla takksemndas søndag, det er snakk om takksemnd mot Herren. Vår Gud er all gaves Gud. Ved helgenkåring var eit av dei viktigaste punkta om vedkomande var takknemleg og glad. Takksemnda er eit barometer på vårt eige kristne liv. Takksemnd syner at vi er mottakelege. Ei gåve er aldri ei løn. Ei gåve er noe som blir gitt ufortent.

Livet er ei gåve. For det takknemlege sinn blir gåva utvida meir og meir. Evner, krefter, anlegg, arbeid, livsgjerning er gåver. Likens heim og vennskap. Dei gamle såg på maten som «Gudslån». Apostelen seier: «Kva har vi som vi ikkje har fått». Det takknemlege sinn må vende seg ein stad, elles får det ikkje utløyning. Det takknemlege sinn fortel om Gud. Gud blir nær og levande. Takksemnda gløymer aldri Gud. Ein ser bak alle ting Guds handling og Guds omsorg. Det takksame sinn fortel om: 1. Gåva. 2. Gud. 3. Det gir det audmjuke sinn.

Hovmod går aldri inn i det takknemlege sinn. Utakksemnd kan spreie seg og bli til kravsmantalitet: «Vi har rett til det, vi har fortent det». Dette er ingen lykkeleg tilstand korkje for den enkelte eller samfunnet. Utslag av ei slik innstilling: 1. Ein blir utilfreds. Det utilfredse sinn. 2. Gud blir borte. Først frå kvardagen — frå arbeidet. Så frå heimen. Etter det frå søndagen — og etter kvart også frå dei store høgtidene. Til slutt blir Gud borte også frå fødsel og død. Gud blir erklært for død.

(Forts. s. 2).



Kaffiprat - -

(Forts. fra s. 1).

kje hatt gudsteneste på 11 år. Det budde 10 menneske på den staden, dessutan var det 20-30 framsmøtte frå fiskeskøyter som låg oppankra på vågen. Gudstenestelokalet var ein nedlagt kaninstall. Dei hadde hatt kaninar til revefor. Alteret var ei gammal kiste, og det var spikra saman benker og talarstol. Eg gløymer det aldri», seier Havdal.

Vi får halde oss i Finnmark litt til. Det var før krigen, i Sør-Varanger. Havdal var blitt sjuk og kunne ikkje kome seg opp av senga.

Det var eit brudepar som absolutt måtte gifte seg på den fastsette dagen. Vigselen måtte foregå med presten sengeliggende og brudeparet knelende ved sengekanten. Neste laurdag var Havdal komen seg på beina igjen. Men no var det dagens brud som var blitt sengeliggende, ho hadde simpelthen fått ein liten på formiddagen. Dei ville utsette bryllaupet, men denne dagen var det presten som var bestemt. Han vigde paret medan brura låg i senga. «Då var det knapt eit tørt auge i heile forsamlinga», minnest han.

Olaf Havdal var altså blitt sokneprest i Sør-Varanger. Det var i 1937. Han hadde vore lærar og skolestyrar ved Ørlandet realskole 1931-34, lektor ved Tromsø gymnas 1934-36, så stiftskapellan i Nord-Hålogaland i eitt år før Kirkenes. Sør-Varanger var då eit prestegjeld med 10.000 menneske og 6 kyrkjer. Han var eineprest og mye på farten. Fru Sigrid — eller kona — som han seier med godt trøndertrykk, snakka om det. «Vi er vel ikkje komne hit for å sitte å halde kvarandre i handa», meinte han. Men han legg til: «Det var ei god hand å halde i».

Men i 1940 svikta helsa. Havdal har lært å forstå, ved sjølv å bli sett til sides i sjukdom, lært å takke for helsa. I krigsdagane miste dei elles alt dei eigde utan noen personlege ting og bøker. Havdal blei permittert frå stillinga i nord, men hadde sokneprestembetet i Sør-Varanger i namnet heilt til 1947.

Når ein i dag tar seg tid til å rusle litt rundt i prestegarden på Fannrem hos Sigrid og Olaf Havdal, legg ein merke til mangt både av

husmors og husfars sysler. Mellom anna finn ein ei ikkje liten finsk boksamling. Og til stendig har vi sett bøker ligge her og der, utlånt frå Aust-Finnmark bibliotek i Vadsø. Det er sentralbibliotek i Norge for finsk litteratur. Det ser ut som Havdal kosar seg med finsk. Ein hobby som han tydelegvis har teke opp igjen dei siste åra. Han har finskeksamen frå Universitetet — i Sør-Varanger var det viktig å kunne finsk. Havdal fortel om korleis han bestemte seg for å lære dette innfløkte språket med sine virvar av kasus. «Vi var på eit møte i Vadsø. Det blei ein lang diskusjon, på finsk, som eg ikkje forsto noe av. Etterpå spurde eg Martin Tvetter kva det var dei hadde samtala så ivrig om. Ja, det var om den nye presten hadde den rette trua», sa Tvetter. «Det der ville eg ikkje ha noe meir av», legg Havdal til. Så blei det altså finsk.

Om dei diskuterte prestens tru i Vadsø, så har vi oppdaga det framleis er trusnist i Orkdalsprosten. Korleis hadde det seg at du tok til på det teologiske studiet, spør vi. «Då vil eg berre nemne mor», seier Havdal, «på mange måtar var det ho som leda meg inn i det. I studietida fekk Peter Marstrander mye å seie for meg». Angra du på at du blei prest, skyt vi inn. «Skolearbeidet har alltid tiltrekt meg — eg likte meg både på realskolen og gymnaset då eg var fulltidstilsett der. Seinare har eg hatt timar på begge desse skoleslaga med unntak av dei heilt siste åra. Konfirmantundervisninga har også interessert meg sterkt. Men sjølv sagt har det noen gonger vore ei blanda glede». Havdal har vore glad i ungdommen, det er derfor han trekker dette fram som svar på vårt spørsmål. «Eg har likt meg i prestearbeidet. Eg har mye å vere Gud og menneske takksam for», legg han til med sitt spesielle ettertrykk. Olaf Havdal er ekte smålåten.

Det er så aktuelt å nemne tilhøvet mellom prest og lekfolk. Havdal seier at med det forholdet er det langt bedre enn ein ofte har trudd. «Dei var kanskje litt skeptisk oppe i Haltdalen i førstninga. Eg var frå Universitetet, og dei hadde innstilt to andre. Men dette jamna seg fort ut». Eit teikn på dette er vel

(Forts. s. 6).

SLEKTERS GANG

Døpte

- Orkland.**
16. 9: Leiv Garberg.
- Orkdal.**
2. 9: Atle Stenvik.
16. 9: Rune Risbakken
Björg Rannveig Kjelstad
Ola Olav Aune Grendal
(døpt i Rindal).
- Orkanger.**
9. 9: Heidi Kvalholm
Jan-Egil Witsø
Erik Dyrseth
Richard Wold
Alf Sæthre
Tom Olav Sletvold
30. 9: Berit Landmark.
- Geitastrand.**
30. 9: Rune Ustad.

Vigde

- Orkdal.**
8. 9: Johan Andøl og Roelina Prins
Bjarne Gjønnes og Mary
Helene Nordvik (not.publ.)
22. 9: Andreas Salberg og
Eva Lynum.
- Orkanger.**
29. 9: Hugo Langseth og
Wenche Dyrnes.

Døde

- Orkland.**
1. 9: Konrad Sørum, f. 1927.
21. 9: Dagrun Eide, f. 1969.
- Orkdal.**
6. 9: Morten Rønning, f. 1973
9. 9: Tora Solem, f. 1913
12. 9: Gunda Alfrida Auset, f. 1913
26. 9: Berthe Gangås, f. 1901.
- Orkanger.**
3. 9: John A. Røhme.

Det sa biskopen - -

(Forts. fra s. 1).

Når Gud blir borte, har vi berre oss sjølve å takke for alt. I staden for audmykt kjem hovmodet inn og ei grenselaus beundring for det menneskelege. Den første synd er hovmodet. Mennesket set seg i Guds plass. Teksta seier oss da at der blir Jesus borte.

I dette kan vi no prøve oss sjølve. Halde personleg visitas. Er vi den som om kvelden takkar for alt, og om morgonen legg alt fram for Gud i takksemnd? Om vi fordjupar oss i takksemnd skal vi få oppleve tryggleik, glede, den fred det er å kvile i Guds hender og Guds omsorg.

MENIGHETSBLAD

for Orkdal prestegjeld

Utgitt av soknerådene i Orkdal

Kontingent kr. 4.—.

Redigert av res. kap.

Kasserer:

Ivar Fandrem, 7320 Fannrem.

Postgironr.: 32 68 72.

Svorkmo Prenteverk - Svorkmo

Forkynneren

Olaf Havdal

Prosten vår fortener takk på så mange vis. Vi kjem til å hugse han som mannen med det gode smilet. Prosten som møtelear skulle hatt nokre ord. Eller prosten som greidde opp i vridne situasjonar midt under høgmessa!

Men dette blir først og fremst ein takk frå ein representant for dine mange takksame tilhøyrarar. Det blir nokre ord om presten «på stolen». Du var så klår og ekte og personleg i forkynninga di. Du nytta ingen av desse moteorda som går over hovudet til Ola og Kari. Og så greie og konsise setningar du tala med. Det «smaka aldri papir» av preikene dine. Du var så lett å referere — for ein som hadde den varen å gjere notat i tide og utide. Ingen trong gå heim frå kyrkja og vere oppradd med svaret, om han vart spurd om kva presten tala om i dag. Ville ein høyre etter, kunne ein «få med seg heile preika heim», som ein uttrykte det. Du var pedagogen på to måtar. For det første var du så flink til å streke under og pointere dei viktige moment i teksta. Det vart både interessant og oppbyggeleg. Men du var også ein slik «pedagog» som apostelen talar om i tredje kapitlet av Galaterbrevet: «Ein «pedagog» til Kristus», ein som alltid har det for auge å føre tilhøyraren fram til Kristus. Du peika på den kursen, den leia som er så grei at «selv ikke de enfoldigste skal fare vill» (Jesaja 35, 18 — ny oversettelse). I den helgemespreika du heldt for tre år sidan, hadde du eit gjennomgangsmotiv: du skildra det du opplevde i yngre år. Då hadde du mange turar på Finnmarkskysten. Det var sjøgang og beksvart

«Toppen på Europaturen»

Det er den ferske og første årboka til Øvre Orkdal historielag vi siterer. Ein av historielagets turar blei toppen på sommarturen i Europa for noen norskamerikanarar. Historielaget er i sitt sjette år, og sannleg har det blitt bra historie på denne korte tida. Turar, festmøter, utflyttardagar, historiske foredrag, jubileumsfeiringar. Dristige tiltak. Vi er nett komne inn i bildet. Men kanskje vi kunne snakke om «toppen» no når årboka er lagt oss i hende. Audmykt er det lagt fram, men med dristige vyer, noe som er sermerke for laget: «Feil er det vel og. Men den som veit noko anna, og meir om dette: sei ifrå eller helst skriv i årboka som truleg blir årsviss heretter», skriv form. i laget Kolbjørn Elden.

Elden skriv elles om «byen Plas-sen» og «Sporten frå gamalt av». Knut Liøkelsøy skriv eit interessant «Attersyn» over laget sitt arbeid. Vidare om «Postgangen i Orkdal», og «Grøtte kyrkje og altertavle». Det er altså også blitt oversyn ned-

mørke. Men så skar det ein lysbunt igjennom frå fyret. Så visste vi: Der inne i land er det lys, tryggleik, og nokon står på kaia og ventar på deg. Så heldt du fram — eg siterer: «Gjennom tekstordene blinker fyrlyset fra Guds evige verden — ned til oss i dødens skygger, under forgjengeligheits kår. Vi kan ikke se lenger enn mellom hver gang hjertet vårt slår. Vi synger «Hvor er det godt å lande». Det skal være vår bønn, vår beslutning: «Jeg vil følge Mesterens kall, jeg vil legge kursen så jeg når fram til slutt. Vil du si det i ditt hjerte nå? Vil du følge lyset? Gud har nemlig ikke bare gitt oss noen lysglimt fra landet på den andre siden, men han har gitt oss en følgesvenn på ferden, Kristus Jesus. Følger vi ham, tar han ansvaret for oss».

Så seier vi takk for ein klår og god bodskap og sluttar av med ei bøn: «Fylg, Jesus, med på ferdi, og før oss vel i hamn!» R. L. 202, 5.

agn.

over i dalen. Den andre historisk skolerte pensjonisten i styret Kristen Svorkmo skriv fengande om «Verkskolen på Svorkmo», og «Rektorlia». Dessutan er det innlegg av Bjarne Dahl og K. K. Holte.


Einar Koren får stor ros. «Utan Koren — intet historielag —», står det å lese. Koren har forresten skrivne innleingsartikkelen til årboka. Klokt vurderande. «Uhyre viktig er det, i så mange sammenhenger, ikke å stivne i den vær-deg-selv-nokholdning som lett virker ruinerende på positivt og byggende samfunnsarbeid», skriv han.

Boka inneheld elles godt og interessant bilestoff. Svorkmo Prenteverk har sytt for fin oppsetting og trykk. 64 sider på levande uttrykksfylt språk. Vi ønskjer til lykke med tiltaket! Interessa for historielaget bør stige enda meir etter dette.

Forsidebildet i årboka presenterer vi også her. Minnesteinen for bergverkskyrkja på Svorkmo.



SOKNERÅDSVAL 1973



Vi kunngjer i dag innleverte lister. Valet blir etter høgmesse-slutt den dagen dei er oppsett i gudstestelista. Vallokalet blir stengt kl. 13. Valet i Geitastrand blir først søndag 9. desember og ikkje 25. november som det var kunngjort i siste menighetsblad.

Soknerådet har viktige oppgaver å løyse, derfor ber vi om interesse for valet.

Soknerådsvalet

i Orkdal kyrkje den 21. oktober.

Framlegg frå valnemnda ved: Kåre Gjønnnes, Reidar Halgunset, Olaf Havdal, Randi Johnsen, Ingar Lund, A. G. Nødtvedt, Helga Oddli, Liv Opøyen, Gjertrud Sølberg, Kristian Sørli.

Kandidatliste. (alfabetisk rekkef.)

1. Norunn Eggen
2. Anne Eldevik
3. Alvhild Engen
4. Erling Fagerholt
5. Arnt Gangås
6. Liv Gjelsvik
7. Elisabeth Gjønnnes
8. Karen Helene Hagen
9. Margido Hansen
10. Sigmund Haugset
11. Egil Kvakland
12. Olav Lysberg
13. John Meyer
14. Kari Reitan
15. Borghild Slørdal
16. Erling L. Solem
17. John L. Solem
18. Einar Stokkan
19. Anna Thoresen
20. Reidar Wehn.

10 av desse skal veljast.

Soknerådsvalet

i Geitastrand 4. novbr. 1973.

1. Leif Bjørnbet
2. Olga Eriksen
3. Gudrun Haugnes
4. Sivert Husdal
5. Ester Husby
6. Enok Husdal
7. Gunhild Ingebrigtsen
8. Inger Isdahl
9. Gunerius Kjøren
10. Einar Klomsten
11. Marie Knudsen
12. Johan Nikolai Kvernmo
13. Randi Langvik
14. Berit Moe
15. Gunvor Rian
16. Håkon Sletvold
17. Ingebjørg Sletvold
18. Synøve Sletvold

Forslag frå: Ingebjørg Bonvik, Johan A. Ofstad, Johan Kjøren, Frøydis Kjøren, Oline Kjøren, Kristine Kjøren, Alfhild Wiggen, Lovise Røhmesmo, Anne Vatten-gaard, Iver Vattengaard.

Soknerådsvalet

Orkanger sokn 18. novbr. 1973.

1. Asbjørnslet, Bergljot
2. Bakken, Olaug
3. Dahlø, Hildur
4. Danielsen, Ingvald
5. Hoff, Magnhild
6. Hukkelås, Harald
7. Iversen, Anne Lovise
8. Karlson, John
9. Larsen, Ester
10. Mælen, Bjørg
11. Rian, Ane
12. Saltness, Gerd
13. Singstad, Agnes
14. Singstad, Egil
15. Skauvik, Agnes
16. Slørdal, Egil
17. Slåstad, Torgeir
18. Stokke, John
19. Strand, Rolf
20. Sødahl, Noralf.

Forslagsstillere: Leif Lyngstad, Asbjørg Christensen, Gudlaug Aae, Regine Sivertsen, Jens Dahlø, Berit Solligård, Borghild Løseth, Gunvor Solem, Mary Wuttudal, Ragnfrid Andersen.

Soknerådsvalet

i Orkland 18. novbr. 1973.

1. Marry Anne Asbøll
2. Anders Bonde
3. Jostein Dalen
4. Olav Damli
5. Martha Fagerli
6. Gunvor Grø
7. Ingvar Grytdal
8. Gunnar Hoseth
9. Lina Hoston
10. Anne Høston
11. Bård Høston
12. Jens Indergård
13. Målfrid Kvikne
14. Gudrun Lium
15. Ola Ljøkjel
16. Sigrid Ljøkjel
17. Gunvor Midtlyng
18. Jens Nervik
19. Signe Ofstad
20. Gunnar Opøien
21. Berit Resell
22. Gudrun Sandstad
23. Einar Sandvik
24. Olaug Øverby
25. Olav Øvervik.

Det er sett opp 4 varamenn i tilfelle noen av dei oppsette trekker seg med lovleg grunn. Det er Ragna Fagerli, Berit Rye, Erik P. Tronvoll og Tron Berbu.

Forslagsstillarar: Bent Hoston, Anders B. Hoston, Marianne Hoston, Magna Sæterbakk, Gunnar Lium, Rannveig Tronvoll, Ingeborg Tronvoll, Borghild Ljøkjel, Stykka Grønning, Synnøve Sandvik.

Avskilsamvera for Havdal

Geitastrand er først ute — og har avvika. I Orkland har Havdal si siste gudsteneste 14. oktober. Det bli menighetsfest på Svorkmo misjonshus kl. 19 same dag der Sigrud og Olaf Havdal og Lars Kvikne er heidersgjester. På Orkanger blir det søndag 21. oktober med gudsteneste kl. 11 og menighetsfest på bedehuset kl. 18. Her er Havdals og 50-års-konfirmantene selebre gjester. I Orkdal blir det søndag 11. nov. med gudsteneste i kyrkja. Her blir også biskop Tord Godal med.

Vi gjer merksam på at Havdal har noen gudstener etter at han har sagt farvel. Mellom anna er det han som skal innsette sin ettermann Kaare Rogstad i Orkdalskyrkja 25. november.

Musikkprat med Lars Kvikne

Han insisterer på å gå av Lars Kvikne — saman med «gammelprosten». Lærarjobben forlet han for noen år tilbake etter ein mannsalders teneste på Svorkmo, men på orgelkrakken har vi hatt han til i dag. «Eg var heilt sikker på å slutte da nyorgelet kom, men så måtte eg spele til eit par kyrkjelege handlingar, og så blei eg glad i orgelet», er den typiske Kviknereplik.

Vi har sessa oss i ein av hans utmerka lenestolar, og funne oss «ein geografi» i bokhylla til underlag for papiret. Lars Kvikne har ein koseleg heim. Kva tid tok du til med musikken? «Han far song så mange melodiar frå salmeboka. Det ga meg fine inntrykk, og sidan har eg vore mest glad i koralar av all musikk. Dessutan hadde vi ei lærarinne i småskolen på Oppøyen — Oline Høstad — hennar spel gjorde stort inntrykk på meg. Ho fekk også dei heime til å kjøpe orgel. Så eg tok til å pusle med det heilt i sju/åtteårsalderen».

Når Lars Kvikne kom til middel-skolen og gymnaset i Trondheim gjekk han ein del i lære hos organist Julius Rian i Lademoen. Det varte i 2 år. Og da han gjekk på Oslo lærarskole var han med i Musikk-konservatoriets kor. Han hadde planer om å ta organisteksamen, men så tok han lærarpost, og det blei ikkje noe av.

Vi spør han om det er noen spesiell musikk som har gjort inntrykk på han. «Per Stenberg», kjem



det utan nølen. «Eg hadde han i musikkteori og song på lærarskolen. Han var svært samvitsfull. Eg fekk vere med han i Vålerenga kirke, og fekk spele til søndagsskolen før gudstenesta. Men enda kor takksam eg er mot Stenberg, så likar eg Lindemanns harmoniseringar betre. Eg er dessverre romantisk», seier Kvikne. «Ein gong så hadde Stenberg arbeid med melodien til «Kjærlighet fra Gud», så spela han både sin og Bethovens utan at eg visste bakgrunnen. På hans spørsmål ga eg uttrykk for at eg likte best Bethovens. Da lo Stenberg godt». Men Lars Kvikne er glad i Stenberg og må legge til: «Men Per Stenbergs melodi av «Konge er du visst», den er råkande». Kvikne nynnerr melodien og slår opp i salmeboka.

Noe anna som har gjort inntrykk på deg? «Eg må tilbake til barne-åra igjen. Det var i 1914. Vi hadde jubileumsgudsteneste i kyrkja her. Det var korsong og orgelmusikk. Gamle Forfang spela. Frå før var det som så mange gitar her lokomotivfører og skulle bli, men frå den dagen var det organist. Eg har alltid likt meg på konsertar, og gjekk så ofte eg hadde høve til det når eg var i Trondheim og Oslo».

Lars Kvikne har elles vore aktiv korleiar. Svorkmo songlag er nedlagt no, men var aktivt i si tid. Dei song ofte i kyrkja. Elles har han vore korleiar på Løkken og i Meldal. Kormiljøet har vore ein viktig del av hans liv.

Har du noen gode prestehistorier etter alle desse åra på orgelkrakken? Kvikne dreg på det — «det er spesielt Havdal, seier han, «han har fått meg til å humre mange gonger med sine rammande og originale uttrykksmåtar». Men han vil helst halde seg til orgelet. «Vi hadde belgtrøarer til etter krigen. Belgtrøaren hadde 30 kr. året og eg 150 kr. da eg tok til her.

Vi minnes saman historia om belgtrøaren som fekk høyre at organisten hadde fått lønstillegg av heradstyret. I neste heradstyre var det søknad frå belgtrøaren med grunn-gjevinga: «Her skal det vere likt for likt. Eg har krav på like stor løn til å sleppe lufta inn i orgelet. som organisten har for å sleppe henne ut igjen». «Men gammelorgelet var ofte i ei sørgeleg forfatning», seier Kvikne. «Ein gong forsvant

Til Orkanger menighet

Etter at menighetspleien gikk over i det kommunale regi, var det på tale å nedlegge Orkanger Menighetsforening. Daværende kalls.kap. Lund-Berg bad oss innstendig om å fortsette foreningen og da arbeide for de mange andre oppgaver i diakoniens tjeneste for menigheten.

Foreningen drøftet dette og besluttet å følge kalls.kap.s råd.

Menighetsforeningen har hatt menighetens tillit og støtte i 50 år, og vi håper den fremdeles vil slutte opp om våre tilstelninger til inntekt for de stedlige oppgaver som måtte melde seg.

Under bispevisitasen beklaget biskopen at vi ingen menighetssøster hadde, men uttalte samtidig sin glede over at Orkanger Menighetsforening ville fortsette å virke som støtte for kirkens diakoni på stedet.

Må så Menighetsforeningens ønske om å bli til velsignelse for stedet, lykkes.

På Menighetsforeningens vegne

Magnhild Hoff, f.t. formann.

Orkanger den 26. septbr. 1973.

eine tonen etter den andre. Det var museinvasjon. Det var noe bestandig med det orgelet».

Lars Kvikne har vore fast tilsett som organist i Orkland sidan 1941. Før hadde han vikariert litt. «Eg trur faktisk eg har spela til påskedagsgudsteneste i 32 år». Kvifor han seier det? Kanskje det er oppstandelsestonen. «Påskemorgen slukker sorgen, slukker sorgen til evig tid». «Lyset og livet» — det er det musikken også skal bringe bodskap om. Takk Lars Kvikne!

PRESTEKONTORET Orkanger.

Kontortid:

Tirsdag 10 - 12

Torsdag 17 - 19

Henvendelse ellers

res. kap. T. 2088 Svorkmo.

ELDRES HYGGETIME

Det blir Eldres hyggetime på Svorkmo misjonshus fredag 12. okt. kl. 11. På Moe misjonshus fredag 19. okt. kl. 11. På Monset grendehus etter gudstenesten søndag 21. okt. kl. 16. På Hoston grendehus fredag 26. okt. kl. 11. Alle pensjonister vel møtt!

Kaffeprat - -

(Forts. fra s. 2).

at Havdal har hytte i Hessdalen og ferierer der kvar sommar.

Kaffien ja, og kakene til prost-inna. Uff ja, ordet er ein formas-telse å ta i sin munn. Og det har vi forstått etterkvart. Sigrid Havdal er ei svært elskeleg dame. Det er sanneleg ikkje berre kaker, enda ein kjem langt på veg til mannens hjerte med dei. Som sin mann er ho frå Stjørdalen, frå sjølvaste Værnes til og med. Oppvaksen blant soldatar. Faren var oppsynsmann på Værnes. Det har til stadig vore diskusjon i familien kva som var best av Værnes og Lånke der Olaf Havdal blei født i 1905. Ho får overtaket for ho kom til verda 17. mai 1903, og altså på sjølvaste Værnes. Det er ikkje mye vi får ut av Sigrid Havdal når vi har penn i handa. Men ho var passasjer i det første flyet som tok opp frå Værnes, sidan har ho ikkje vore i fly. 2 omkom same dag i det andre flyet som tok av.

Sigrid Havdal er sjukepleiar — ullevålsøster. Åra som sjukepleiar fekk svært mye å seie for henne. Det å vere prestekone krev ofte mye tid. Det var mange telefonar og beskjeder som skulle formidlast. Spesielt i Finnmark der mannen støtt var ute på reise. (Staten har spart utruleg mange kontordamer i prestekonene). Foreningslivet er ho glad i, og ser på som hobby. Det er blitt kyrkjeforeiningar, sjømannsmisjon, ytre misjon, samemisjonen, barnelag m.m. «Eg hugsar vi starta kyrkjeforeining i Haltdalen av slike som ikkje gjekk noe særleg i kyrkja, men dei kom med dit også etter kvart».

Sigrid Havdal skulle forlenget hatt ærespensjon av staten etter alle sine telefonløp frå kjøkken til kontor. Det er vårt forslag, og ikkje hennar. Samtalen skjer midt under førebuinga til visitasen, og aktiviteten fortel at ho ikkje tek forslaget alvorleg.

I Trøndelag er dei blitt sidan dei måtte bryte opp frå Finnmark i 1940. Havdal vikarierte litt i Stjørdal og Trondheim. Under krigen blei han forvist frå Nord-Trøndelag til Selbu fordi han var litt for ufor-siktig med munnen sin. Noe han påstår han har vore seinare også. Men i Sør-Trøndelag har dei blitt

sidan. I 1947 utnemnt til sokneprest i Haltdalen, 1955 til Meldal og 1967 til Orkdal. Han blei prost i Orkdal prosti i 1962 og har vore det sidan.

Av Meldal bygdebok har Olaf Havdal vore redaktør for to bind. Han har likt «å pusle med historie», som han seier.

På fallrepet — kva er no best av Nord-Norge og Trøndelag? «Det var færre som var tilsett i kyrkje og organisasjon der oppe. Det var kanskje slik at presten betydde meir den tid. Det kan vel hende vi noen-gonger trakkur kvarandre på hælne her». Så fortel han om sin første skyss i øydemarka i nord. Det var motorsykkel med ski. «Forresten fekk ikkje slike svøringar som eg søke slike embete i gamle dagar, reinskysen krevde lette folk». Men Havdal kom seg fram med rein han og. I Sør-Varanger måtte ein den gongen skifte mellom rein, bil, båt og ski. Og ved Grense Jakobselv — heilt oppe ved russegrensa i Oscar den II' kapell stoppar vi.

Utdrag av prostens visitasinnberetning

Kommunens styre viser stor velvilje i forholdet til kirken.

Store endringer har neppe skjedd siden siste visitas, i det kirkelige/kristelige liv.

Kirkesøkningen er noe forskjellig i de forskjellige sokn.

I Orkland og Orkanger er den liten, i Orkdal og Geitastrand bra.

De gjennomsnittlige prosenttall på nattverdgjester for de siste 9 år er: Orkland 9, Orkdal 11, Orkanger 5 og Geitastrand 15.

Søndagsskolearbeidet er i gang i de fleste av de gamle skolekretser, Tallet på s.skoler er: Orkland 4, Orkdal 3, Orkanger 1 — der har også Frelsesarmeen et godt søndagsskolearbeid — Geitastrand 2. — Delvis har det vært vanskelig med ledere. Medlemmer av det kr. skolelaget på Follo har vært til god hjelp. Også ellers er det et plus for menighetene på mange vis. — Gjennomsnittsalderen på søndagsskolebarna går nedover, de større barna blir borte.

For ungdomen er det en del tiltak i gang. På Svorkmo driver Indremisjonens Ungd.for. regelmessig tenåringsarbeid. I Orkdal er det

Det vil seie. Det var det med å halde kona i handa. Der var det verkeleg eit problem. Borte var ein støtt, og ikkje kunne kona vere med — så slitsomt som det ofte var. Men vi har lært å halde saman både i medgang og i motgang. Det er så trygt slik.

Passar egentleg ikkje namnet Julius på han. Det var på gymnaset dei oppdaga mellomnamnet hans, og sidan blei det med det. Vi forstår grunnen. Ikkje slik at det manglar på respekten. Vi nærer ein naturleg inngytt høg respekt for Olaf Havdal. Faktisk så mye at vi ikkje ville våge å seie Julius. Men det er noe i det likevel. Julius er eit rot-festa kristelegtrøndsk karaktertrekk.

Kaffien er endt, og Sigrid Havdals kaker fortært. Har de eit ønske for menigheten no til slutt. «Det må ikkje lyde for front», er det typiske svar. «Eg vonar at vi ikkje har levt til fånyttis — og det vonar vi også for andre. Vårt ønske er elles at fleire og fleire må sjå si oppgåve i å gå aktivt inn for Guds rikes sak».

soknerådets ungd.nemnd som står for arbeidet. På Orkanger er det f.t. stille, men både har det vært gjort en del tidligere, og planer om nye tiltak er i gang. — Skolelagene, på Orkdal gymnas og ungdomsskolene er virksomme.

For de eldre blir det også gjort noe. I Orkland er det regelmessige samvær, «eldres hyggestund». I Orkdal har soknerådets diakonienemnd gjort opptak til samvær i alle skolekretser og arrangert turer. På Geitastrand er det også samvær i kirke og bedehus, skipet til av soknerådet.

Det er et stort og aktivt frivillig kristelig arbeid i gang. De fleste kr. organisasjoner er representert ved sine foreninger, med tyngdepunktet i Indremisjonen — 10 foreninger —, Misjonssambandet — 18 foreninger og lag — og Misjonsselskapet — ca. 30 foreninger. Sjømmisjonen, Samemisjonen og Santalmisjonen har også aktive foreninger. — Samarbeidet mellom organisasjonene og kirka er godt. For en meget stor del utgjør organisasjonenes folk de trofaste kirkegjengere.

Blant de humanitære organisasjoner står Orkdal Sanitetsforening i en særstilling med sine 3000 medlemmer og et sykehus med ca. 170 senger.

Biskopens kommentar

Vi har gjengitt prost Havdals vurdering av forholda i prestegjeldet. Dette skrivet blei gjennomgått på det felles soknerådsmøte biskopen hadde i prestegarden på Fannrem.

Ved visitasgudstenesta blei det kommentert av biskopen.

Han roste restaureringa av Orkanger kyrkje. Vidare meinte han at ein i Orkdal hadde gått jamnt framover i å skape kristent fellesskap, det var større og god semje. Han siterte evangeliet om at det er viktig å stå saman for at verda skal tru.

Biskopen la vekt på arbeid for barna. Barna er komne lenger bort frå det kyrkjelege fellesskap, det meinte han samfunnsutviklinga hadde ført til. Han la vekt på at skolen var eit viktig reisepunkt i kristen oppfostring av barna. Hadde vi ikkje hatt skolen, måtte vi ha endra vår dåpspraksis. Men biskopen la til at dersom ikkje barna finn vegen til kyrkja — lærer søndagsbruk — så vil vi gå oppløysing i møte.

I den samanheng kom han inn på gudstenestetid og form. Vi skal ikkje rokke ved høgmessefeiringa på søndag formiddag, men det er viktig med ettermiddagsgudstenester, eller kvardagsmesser som det er blitt praktisert noen plasser. Slik kunne ein også finne det tenleg å legge søndagsskolen til kvardagen. At ein da samla ei husgruppe, eller ein krins i bumiljøet. Biskopen syntest det var svært mye godt søndagsskolearbeid i prestegjeldet.

Vidare meinte han at gudsteneste-søknaden ikkje alltid var den rette målestokk på den religiøse kontakt. Han nemnte at ein stor del av folket hørde på radiogudstenester og andakter. Men han la til at vi ikkje måtte gløyme at lokalmenighetens gudsteneste var menighetens lønnkammer.

Men ut frå gudstenestas lønnkammer måtte vi hugse at ein rett menighet alltid hadde ei side utover mot samfunnet. Ein menighet hadde til skilnad frå ei forening ansvar for alle som budde innanfor dei geografiske grensene og alt som skjedde der.

GUDSTENESTER

Søndag 14. okt:
Orkland. Havdal.
Orkanger. Eidhamar.

Søndag 21. okt:
Orkdal. Eidhamar.
Soknerådvalg e. gudstjenesten.
Orkanger. Havdal. Ofr. til Sjømannsmisjonen. 50-års konfirman-tene innbys.
Monset grendehus kl. 16.


Bededag 28. okt:
Orkland. Eidhamar.
Orkdal. Havdal. 50-årskonfirman-tene innbys.

Søndag 4. nov.:
Orkland. Eidhamar. Nattverd.
Ofr. til Menighetsfakultetet.
50-årskonfirman-tene innbys.
Geitastrand kl. 11. Havdal. Nattv.
Orkanger kl. 18. Eidhamar. Nattv.

Søndag 11. nov.:
Orkland. Havdal.
Ofr. til soknerådskassen.

Søndag 18. nov.:
Orkland. Eidhamar. Soknerådvalg.
Orkanger. Havdal. Soknerådvalg.

Søndag 25. nov.:
Orkdal. Prost Rogstad.
Presteinnsettelse.



Biskopen siterte ein sosiolog som hadde funne ut at den kristne kyrkje hadde det beste tilbud til samfunns-engasjement, men at han hadde merka ein skilnad på ord og liv i dei kristne krinsane. Dette til ettertanke. Biskopen presiserte kor viktig det var at det var personleg omsorg frå den enkelte til dei andre. Dette momentet kan berre bevarast om Kristus er med, sa han.

Baksæter-garden

Som kanskje alle veit, har Det Norske Misjonsselskap fått garden Baksæter i Svorkbygda. Det er ein stor og verdfull gave frå Ragnar Baksæter som døde i vår. Han testamenterte heile eigdommen sin til misjonen. Det kom kanskje uventa på mange. Men i grunnen var det ikkje heilt ulikt Ragnar å gjere det slik likevel. Han var orientert i misjonsarbeidet m.a. gjennom Norsk Misjonstidende som han heldt i mange år. Han var djuptenkt og klok på mange vis, men sa heller lite til andre kva han inst inne tenkte på.

Kanskje syntest han at han skulle fått gjort noko ekstra for ungdommen og misjonen. Men han var svært bunden til garden og alt arbeidet som han åleine hadde ansvaret for. Men i testamentet sitt

ønskjer han, om det er råd, at heimen kan nyttast i kristent ungdoms-arbeid.

Krinsstyret for Det Norske Misjonsselskap i Trøndelag arbeider no med planer om korleis eigdommen best kan nyttast. Det er m.a. tankar om at garden bør drivast på eit høveleg vis, helst med dyr. Dette er og bakgrunnen for at ikkje alt utstyret på garden vart selt på auksjonen!

Baksæter ligg sjeldan fint og lagleg til for ungdomsarbeid. Når ein kjem dit, kjenner ein fort freden i tunet, og kontakten med naturen ligg nær.

Det Norske Misjonsselskap kjenner stor takksemnd for gaven.

R. H.

50-årskonfirmantene

Også i år blir det planlagt samvær for jubelantene. — Geitastrand har for resten alt avviklet sitt arrangement for de aktuelle årganger, 30. septemeber. I Orkdal sokn er det

tenkt til 28. oktbr., med samvær i Megården bedehus etter gudstjenesten. I Orkanger blir det søndag 21. okt. med gudstjeneste om formiddagen og samvær på bedehuset kl. 18. Det er samtidig avskjed for

Havdal. Samlingen i Orkland blir Alle Helgensdag 4. nov. med gudstj. i kirken og påfølgende samvær i Svorkmo misjonshus. Det har også vært vanlig at 25-årskonfirmantene er blitt med. Dette gjelder også i år.

K O N F I R M A N T E R**i Geitastrand 30. 9. 1923.**

Nils Ofstad
Ingvald Kjøren
Per Halsen
Ingeborg Johanne Svee
Lovise Gjertine Meland
Karen Kvernmo
Borghild Meland
Olaug Ofstad
Ragna Ofstad
Jenny Ofstad
Amanda Husdal.

i Orkland kirke 30. 9. 1923.

Alf Marius Kværnvik
Alf Svorkmo
Anders Stubflaat
Arne Opøien
Arne Øverby
Arne Johannes Nilsson
Bjarne Klingen
Georg Haakon Olav Harding
Ingvald Søderlund
John Berbu
John Rise
John Bjørndal
John Svorkmo
John Lomundal
Lars Bergem
Martin Mo
Nils Boksbu
Olav Kvikne
Olav Lie
Ole Rolv Mobakk
Sverre Asbøll.
Annbjørg Sæther
Borghild Tronvoll
Elen Sinnes
Elise Ry
Gunhild Dahlen
Gunvor Opøien
Ingeborg Hongslo
Ingeborg Kristine Barbo

Ingeborg Fossum
Ingeborg Ljøkjel
Johanna Vutudal
Karen Alfrida Ebbesen
Marie Togstad
Marit Smedhaug
Marit Haugen
Marit Aarli
Martha Kløløk
Olga Fossum
Petra Svorkmo
Ragnhild Knudsen
Sigrid Johanne Kroksæter
Stenetta Dalen.

i Orkdal 30. 9. 1923.

Anders Solemsløkk
Annar Gjølmesli
Arne Vuttudal
Arne Inge Ustad
Arne Martin Asbjørnslett
Bjarne Hansen
Elling E. Almlie
Ivar Dørdal
Ivar Andøl
Ivar Forve
Johan Kastbakk
Johan Evjen
Johan Ingvard Langvik
Johan Engan
John Fannrem
Johan Vuttudal
John Solem
Kristian Fjellmo
Lars Skarholt
Lars Søvassli
Martin Handbergmo
Morten Andøl
Nikolai Grønvoll
Noralf Snoen
Olav Kvaale
Ole Sommervold
Ole Solbu

Otto Lie
Peder Gjønnes
Reidulf Wormdal
Sverre Eide
Sverre Evjen
Torleif Larsgård
Trygve Mellingsæter
Odin Gjønnes.
Ane Marie Sæterbakk
Anna Marie Fossen
Anna Marie Sommervoll
Aslaug Marie Mælen
Astrid Johanne Vangen
Elen Blåsno
Elen Tungen
Eline Gjønnes
Eline Vasli
Inger Margrete Høyem
Ingeborg Johanne Sundli
Ingrid Hoset
Johanna Kjelstad
Johanne Fosbak
Karen Meås
Lina Marie Eide
Liv Solbu
Olga Petrine Rundin
Ragna Kvåle.

i Orkanger kirke**7. oktbr. 1923.**

Arne Svendsen
Arne Kristian Jensen
Bent Gunnerius Sæter
Bjarne Johan Røhme
Egil Johannes Eggan
Georg Kristian Køhler
Harald Vevik
Ingebert Alfred Tiseth
Ivar Kristian Elshaug
Jakob Næss
Jens Snildal
Johan Blåsno
Johan Rømmesmo
Johan Leknes

Johan Annar Mathisen
Johan Olav Sødahl
John Rikstad
John Aimar Wormdal
Leiv Ross
Martin Julius Jensen
Martin Adolf Mathisen
Olav Vitven
Oskar Alfred Andersen
Peder Andreas Mælen
Peder Johansen
Peder Johannes Karlsen
Rolv Arnholt Kolstad
Sverre Størset
Torleiv Bakk
Trygve Hansen
Bjørnulf Normann
Berntsen
Agnes Kristiansen
Alette Meslo
Amalie Johansen
Anette Nærвик
Astrid Lilly Anderssen
Brita Larsson
Erna Strømberg
Gunvor Ross Fortun
Hanseia Laurensi Falch
Ida Marie Viggen
Ida Sølva Rømmesmo
Johanna Randine
Gjønnes
Johanna Klungervik
Magnhild Konstance
Meland
Marie Richter
May Kamilla Toresen
Milli Kristin Anthonson
Milli Mathilde Næss
Petra Johanna Syversen
Petra Marie Johansen
Ragna Elvida Prestmo
Reidun Knudsen
Sigrid Anderssen
Sollaug Camilla Røhme
Ulrikka Ragnhild
Larsen
Magnhild Mæhlen.

PRESTESKIFTET.

Etter det som nå ligger føre, kommer sokneprest Rogstad omkr. 20. november, og har den første gudstjeneste søndag 25. nov.

Forat res.kap. Eidhamar ikke skal bli alene 2-3 uker, har biskopen bedt gammelpresten fortsette litt lenger enn tenkt. — Selv om det blir flyttesjau i slutten av oktober,

har han lovet å prøve å ta det mest nødvendige. Det vil bli ordnet med fast kontortid etpar ganger i uka.

Presentasjonen av Indremisjonen i Orkdal må stå over til neste nr. p. g. a. : plassmangel. Det same gjeld omtale av SØVASSLI FJELLKIRKE, og andre innsendte innlegg.

**INDREMISJONENS
HØSTMØTE,**

i Salem i Trondheim, blir som vanlig i Allehelgenshelga også i år, dvs. dagene 3. og 4. november. Hovedtaler på årets høstmøte blir bibel-skolelærer Lars Eritsland.

Vi hilser alle hjertelig velkommen.

Trøndelag Indremisjonskrets.